

**Fra:** Silje Husevaag Myklebust (silje@kjolsdalenmontessori.no)

**Sendt:** 15.10.2020 14:43:40

**Til:** Postmottak Utdannings- og forskningskomiteen

**Kopi:** info@pbl.no; Rommetveit Magne; Njåstad Helge André; Trellevik Ove; Christensen Jette F.; Frølich Peter; Toppe Kjersti; Hemdal Silje; Lysbakken Audun; Knutsen Eigil; Eidsheim Torill; Nilsen Tom-Christer; Grung Ruth; Breivik Terje; Bjørke Nils T.; Nyborg Torill Selsvold; Eskeland Liv Kari; Navarsete Liv Signe; Heggø Ingrid; Melvær Frida; Storehaug Tore

**Emne:** Skriftlig innspill statsbudsjettet 2021

**Vedlegg:**

**Innspel til Stortinget om kva eit kutt i pensjonstilskuddet til private barnehagar vil bety for Kjølsdalen Montessoribarnehage SA.**

Vi har allereie høgare pensjonskostnadar enn det vi får finansiert pr. i dag. Eit kutt i pensjonstilskuddet frå 13% til 11% vil føre til at vi må finansiere pensjonskostnadane ved å bruke andre utgiftspostar.

Vi er ein Montessoribarnehage som arbeidar kontinuerleg for å utvikle oss, tilføre mangfald og alternativ i barnehagesektoren. Dagens regjering har fronta ønske om mangfald i barnehagesektoren, men forslaget til statsbudsjettet vitnar om det motsatte. Eit kutt i pensjonstilskuddet vil føre til at vi ikkje kan prioritere å oppretthalde og utvikle den kvaliteten barna fortener, og som vi er pålagt å ha. Læringa til barn er allereie fullt i gang ved barnehagestart, og da må vi ha kompetent personal som kan gje barna det dei treng for å støtte læring og utvikling. Reduksjon i tilskudd vil medføre kutt i kurs, opplæring og vidareutdanning blant personalet. Om ein ikkje har mulighet til kvalitet og utvikling kan ein ikkje drive ein barnehage, og barnehagen vil dermed ikkje vere levedyktig.

Vi må kutte i bruk av vikarar, noko som går direkte utover kva som er forsvarleg drift og rammar sikkerheita til barna.

Vi vil heller ikkje klare å ha midlar til nødvendig vedlikehald.

Å drive ein barnehage handlar om mykje meir enn å drive frå år til år.

Vi er ein enkeltstående barnehage, men uavhengig av ei overgangsordning vil vi bli like ramma av kuttet innan få år.

Ein konsekvens av kutt i pensjonstilskuddet vil kunne medføre reforhandling av pensjonsordninga ein i dag har til ei dårlegare avtale, noko som igjen vil medføre vanskar ved rekruttering av gode tilsette.

Totalt sett vil kuttet bidra til å auke forskjellen for barn i private barnehagar og kommunale, barna er like mykje verdt uavhengig av kva barnehage dei går i og har krav på samme tilbud.

Mvh.

Silje Myklebust

styrar, Kjølsdalen Montessoribarnehage

Tlf: 47367296